

## Referat frå styremøte onsdag 17. august 2016 kl. 11.00 – 16.00 Møtet vart halde på Spidsbergseter i Ringebu.

### **Deltakarar:**

Styret: Arnfinn Beito, Ellen M. Syse, Anne Kari Veikleengen, Bjørn Even Stenberg, Berit L. Kaltoft og Pål Kjorstad. På Eiesar hadde meldt forfall.

I tillegg møtte desse styremedlemmane frå Hedmark Sau og Geit og var med under sak 52/2016: Martin Mostue, Hans Bondal, Ola Dagfinn Gløtvold og Per Joar Os Nesthun.

### **Sakliste:**

#### **Sak 51/2016: Referatsaker**

- Referat frå styremøte 08.07.2016, var vedteke og lagt ut på heimesida frå før.
- Svar frå Tone Våg på brev frå OSG, brevet vart teke til etterretning.
- Status NM i saueklipping og ullhåndtering 2016 i Ringebu. Anne Kari og Pål informerte og var spesielt glade for at arrangementet nå ser ut til å ha full kontroll økonomisk. Arrangementet brukar OSG sine heimesider til info og påmeldingar. Det vart vedteke at Arnfinn skal representera OSG under arrangementet og vil stå med stand i teltet. Standen til OSG må ha noko verveplakatar, årsmeldingar, rollups etc. med på standen. I tillegg skal det sjekkast om ein kan laga ballongar og seil med logoen til Oppland Sau og Geit.
- Samanslåing av til Slidre Sau og Geit er nå ordna i NSG

#### **Sak 52/2016: Årsmøtehelga 2017**

OSG hadde bestemt og bestilt Spidsbergseter som destinasjon for årsmøtehelga vår frå 17.-19. februar 2017. Det er kome attendemelding om at Hedmark Sau og Geit vil arrangera årsmøtet sitt saman med oss som i fjar. På møtet i dag fekk vi klarheit i at hotellet var booka berre for 150 stk, så vi vedtok saman med styret i Hedmark Sau og Geit at arrangementet skulle flyttast til helga 3.- 5. mars 2017, og bestilte førebels rom til 200 personer. Fristane for arrangementet: Avbestilling arrangement 12 veker før, endring av tal personar 6 veker før og namneliste må vera inne 20 dagar før arrangementet. Sidan årsmøtehelga er vedteke på førre årsmøtet må vi nå varsle lokallaga om dette.

Arrangementet skal stort sett ha same opplegg som i fjar m/dette grovprogrammet: Seminar og årsmøter i OSG, HSG, Ring 41, Ring 30, OGL og HGL.

Fredag 03/03:

- kl. 12.00: Styrene/arrangør møter: Lunch/førebuingar
- kl. 16.00: Årsmøter i ringane og seminarstart med tema ull der vi spør Brita Rusten Åmodt i Norsk Husflidslag om hjelp. I tillegg kan det vera plass til meire her.
- kl. 19.30: Middag

Laurdag 04/03:

- kl. 09.00: Årsmøter i fylkesлага,
- kl. 14.00: Årsmøter i gjeterhundлага
- kl. 16.00: Seminar om marknadssituasjonen. Her spør vi kjedene og andre høgre opp i slakterisystema om dei kan sende nokon innleiarar, og håper på ein frisk og klargjerande debatt. Namnet Reinertsen vart nemnt som ein god talmann for oss.
- kl.19.30: Årsmøtemiddag

Søndag 05/03:

- kl. 09.00: Seminar med tema elektronisk overvaking i fjøs og utmark, og i tillegg elektroniske vekter/lesestavar i forhold til sauekontrollen. Her treng vi innleiarar frå ulike bedrifter som driv med dette og frå Animalia.
- kl. 13.00 Avslutning m/lunch

I tillegg kom det forslag om at sponsorer og utstyrleverandørar kunne ha stands, kanskje fortrinnsvis dei som vert involvert i seminarprogrammet. Det vart òg drøfta om vi kunne be inn att Nils Inge Hitland for å ta foredraget vi mista i fjar.

For hotellet sin del treng vi da hovudsalen med/veslesalen bak. Dette kan vi dela frå under årsmøta, slik at Hedmark har sine møter der. Det vart òg bestemt at hotellet sørger for musikk i salen i ”låven” og at akkevitt-fjøset er ope ei bestemt tid.

Påmelding til arrangementet vart bestemt som sist, og at vi lagar færre påmeldingsalternativ. Dette blir: Fullpakke: Heile arrangementet inkludert alt, fredag: Dagpakke inkludert middag, laurdag: Dagpakke-1 med lunch og Dagpakke-2 med årsmøtemiddag, Søndag: Dagpakke med lunch og i tillegg kan ein velgja mellom 1 eller 2 overnattingar med frokost.

Vidare informasjon om arrangementet tek Pål seg av, vi arbeider vidare pr. mail og dersom vi treng planleggingsmøter så møter 2 stk. frå kvart lag – fortrinnsvis sekretær og leder. Vi deler arbeidsoppgåver etterkvart, og styrene var einige i at Oppland tok det administrative ansvaret og at Hedmark fekk hovudansvaret med å finna innleiarar til seminaret.

#### **Sak 53/2016: Høringssak NSG, lagslovene – årsmøtestruktur/frekvens**

NSG har sendt på høring desse alternativa:

1. Som i dag med landsmøte annethvert år i mars. Representantskapsmøte hvert år i mars og oktober
2. Årsmøte hvert år i mars. Representantskapet beholdes, men har kun møte i oktober hvert år.
3. Årsmøte hvert år. Representantskapet avvikles og erstattes med ledermøte i okt.
  - a) Representantskapets faste verv og funksjoner opprettholdes i årsmøtet
  - b) Representantskapets faste verv og funksjoner avvikles

Styret i OSG vedtok å senda dette som høringssvar: Styret i OSG vil at NSG skal ha årsmøte kvart år og vil behalda representantskapet. Dette er òg i tråd med kva Oppland spelte inn i samband med endringa av lagslovene, som vart vedteke på landsmøtet i 2015. Oppland Sau og Geit går da for alternativ 2.

#### **Sak 54/2016: Rovvilstsaker**

Erstatningsmøtene i haust – det er sendt førespurnad til OBS og OB om deltaking/arrangørar. OBS v/Terje Holen og OB v/Ola Råbøl har sagt seg villig til møta for faglaga og ha ei mindre rolle under arrangementa. Styret i OSG kan tenkja seg at møteutgiftene vert delt på 3. Dato og sted for møta vert endeleg bestemt når Pål har ringt rundt. Det er avtalt med FM i Oppland v/Harald Klæbo om at ein representant frå dei møter og har innleiing alle kveldar. Elles skal Pål koma med innspel til vidare program og innleiing. Arrangementa skal kunngjerast ved mail til lokallagsledere og beitelagsledere og leggjast ut på nettet.

Status rovvilt/beitesesongen i Oppland: Dersom det viser seg at vi har ”sett alt” i Oppland denne beitesesongen, så ser det roleg ut både lengst sør i Gudbrandsdalen, Gjøvik, Toten,

Hadeland, Land og Valdres med unnatak av Sør-Aurdal. Vi har heller ikkje merka noko vesentleg på vestsida av Laugen med unnatak av Nord-Fron. Men så har beitebrukarar på austsida av Laugen frå Ringebu til Lesja hatt jamt trykk, der Dovre/Sel har hatt fellingsløyve på jerv mykje av beitetida og N-Fron, S-Fron og Ringebu har hatt alle slag med ulv i N-Fron og bjørn i Ringebu som toppar.

Det er nå på trappene eit møte i regi av FMOP med beitebrukarar på Sel/Dovre, der tidleg nedsanking skal drøftast på grunn av jerv. Dette er truleg grunna individ frå Haverdalslokaliteten. Ellen og Arnfinn har hatt kontakt med beitebrukarar i området. Representantane frå Hedmark vart spurta om råd eller erfaring i saker rundt tidleg nedsanking og sa at det var fyrste steget til å ha sauens permanent på innmark.

#### **Sak 55/2016: Saker frå Ring 41/avlsutvalget**

Det er sendt ut forslag til kåringsplan, men det er kome innspel på at Vågå og Øystre Slidre har same dagen. Det er heller ikkje kome meldingar om dommarkurs. Elles er referat frå førre møtet i Avlsrådet lagt ut på heimesida vår.

#### **Sak 56/2016: Geitesaker**

Det kom ikkje fram nokon ny geitesak på dette møtet.

#### **Sak 57/2016: Saker Oppland Radiobjøllelag**

Vi har hatt ein del utfordringar med å få inn dei siste betalingane. Alle har fått purring via mail, alle har fått SMS-varsling og dei siste 20 har fått purring pr. post. Pr. i dag står det ute 8 stk. med eit samla beløp på i overkant av kr. 30.000,-. Det er enda ikkje sendt ut faktura på saltsteinsavlesarar. Styret i OSG likar ikkje dette og vil vurdera strengare prosedyrar rundt fakturautsendingar i framtida, der därlege eller seine betalarar må betala for ekstrarabeidet dette medfører.

#### **Sak 58/2016: Saker Oppland Gjeterhundlag**

Dommaropplæring – vert ikkje utført etter gjeldande plan frå NSG, revidert des. 2014. Det står i reglementet at fylket skal koste utdanninga av nye dommarar. OGL må følgje dette i den konkrete saka med utdanninga av ny dommar i år. Det skal takast kontakt med OGL om dette.

#### **Sak 59/2016: Sponsorsaka**

Det siste utkastet til utsending av sponsoravtalar vart endeleg godkjent. Samstundes vart liste over aktuelle sponsorar oppdatert i alfabetisk rekjkjefølgje: Animalia, Bekkevold Lyskopi, Disserud fjøs og maskin AS, Fatland, Felleskjøpet SA, Findmysheep, Fjøssystemer, Furuseth AS, Gjensidige forsikring, Grobakken Landmek AS, Knarrhult, Nessemaskin, Nofence, Norfjordkjøtt, Norgesfør, Norilia, Nortura SA, OS ID, Sikringsradioen, Sparebank1Gudbrandsdal, Strand Unikorn, Telespor og Tine. Folderane vert sendt utsendt med det fyrste pr. post.

#### **Sak 60/2016: Eventuelt.**

- a) Spørsmål om støtte til nettsida ”langs veien.no” vart teke opp. Styret i OSG vurderte det til at nytteeffekten var uklar, og at vi ikkje har midlar til dette på budsjettet vårt.
- b) Spørsmål om tur i regi av OSG neste sommar, Irland, Island etc. Styret i OSG tykte dette var ein god idé, og ville koma attende til dette på neste styremøte. Det vart

vedteke å leggja ut dette på heimesida, der kvar og ein kunne koma med innspel til turmål.

- c) Apotekavtale. I fleire fylker vi er kjent med har dei skrive ei avtale med apotek for å få faste rabattar på ymse medikament etc. for medlemmar i Sau og Geit. Styret vil ta dette opp på neste styremøte etter å ha rådført seg med andre lag i organisasjonen og kva aktuelle apotekkjeder som finns i Oppland.
- d) Spørsmål om OSG skal senda faktura til faglaga i Oppland på ”freda rovviltsida”. Spørsmålet vert teke opp i samband med møte om erstatningsmøta seinare i haust.

Ringebu 17/08 2016

Pål Kjorstad, sekretær